

Det kulturelle landskapet Telemark

Av Dag Jørund Lønning, dr.philos

Kronikken har stått på trykk i Varden.

Kva er eit landskap?

Når me tenkjer litt nærare etter kvar og ein av oss, er ”landskap” eit av desse orda eller fenomenena som ikkje *kan* gjevast nokon konkret definisjon. Stilt overfor spørsmålet om kva ”landskap” er eller tyder, opplever me fort at ord ikkje strekkjer til. Intuisjon og kjensler må takast i bruk, og me kjenner at landskap like mykje skapest inne i oss. Landskap er noko inkluderande, ein heilskap. Når me menneske skal definera noko, i alle høve for politikk og praktiske tilnærmingar, er me likevel stort sett flinkast til å ekskludera. Det er absolutt enklast å definera gjennom å utelata, så også med landskap. Slik sett har den operative definisjonen, slik den har vorte nytta både i landbruk, natur- og kulturvern vore ein minimalistisk definisjon som stort sett har ekskludert levande kultur. Sjølv omgrepet *kulturlandskap* har vore definert gjennom fysiske objekt eller biologi; rydningsrøyser, steingjerde, gamle hus, raudlista beitesoppar og insektslag. I den grad kultur er del av det heile her, talar me om reint materielle og til dels museale tilnærmingar til kulturomgrepet. Dette var noko me *gjorde*, og i den grad me gjer det no er det for å *ta vare på* det me gjorde før. Prisverdig som dette måtte vera, så snakkar me knappast om verken samtids- eller framtidretta landskap. Dette vert landskap for dei spesielt interesserte; for biologane, lokalhistorikarane, vernebyråkratane, og, vil ein del hevda, tilskottsryttarane i landbruket.

Gjennom slike måtar å definera landskap på, er det lett å skala bort det som ikkje høyrer heime. Me gjev midlar til ”kulturlandskap” og nektar midlar til det som *ikkje* fell innanfor definisjonen vår. Me etablerer grenser i terrenget mellom ”verna” og ”ikkje verna”, der natur ligg innanfor det første og menneskeleg kultur innanfor det andre. Her i Telemark er Hardangervidda eit godt døme; der spor etter det lokalbefolkning gjorde for å utnytta ressursane på plataået for 1000 år sia er verna og sett som verdfulle, medan ressursutnytting i dag er ekstremt vanskeleg å få til nettopp grunna måten landskapet er definert og verna på. Gjennom byråkratiske utrekningar gjev slik omgrepspraksis rom for å etablera klart kva som er ”verdfullt” og kva som ikkje er det.

Landskap er ”alt”

For å kunna hausta av dei latente verdiane som ligg i landskapet, må me likevel utvikla tilnærmingar som vedkjenner at landskap er samanhengande. Landskap er ikkje der borte, det er over alt. Når me oppfattar ein landskapstype som meir verdfull enn ein annan, er det fordi me ser utover gjennom det ”filter” kulturen vår er. Landskap er fysiske, men også kulturelle. Dei inkluderer bakkar, steinar, tre og fjell, ja, men også menneska rundt oss. Landskapet vårt er historia om kven me er eller ynskjer å verda. Eller, historiene om oss lever i landskapet. Der er identiteten vår festa. Der hentar me materiale for å fortelja omverda kven me er. Om me identifiserer oss med eit landskap med gamle eldhus og små teigar, er ikkje dette nostalgi, men ein kulturell refleksjon. Dette er noko me ynskjer og kjenner trong for i dag. Det same er tilfelle når me distanserer oss frå landskapet rundt oss. Dette er også ein kulturell refleksjon: ”Dette er ikkje mitt landskap. Dette er ikkje meg. Her trivst eg ikkje. Her vil eg ikkje vera.”

Telemark er ein landskapskategori

Dei siste tiåra har me sett korleis maskin- og investeringslandbruket har medført at det landskapet ein gjerne oppfattar som identitetsberande og særlege for staden veks att, for så å bli erstatta med eit standardisert og flatt produksjonslandskap på lett drivne areal i dalbotnen. Det ein kan hende ikkje har reflektert så mykje over, er at mykje av staden sitt utviklingspotensial som attraktivt reisemål og buområde også forsvinn i same slengen. Eg har etter kvart mange samtalar med menneske i Telemark som fortel historier om identitets- og heimløyse ettersom det landskapet dei verkeleg kjende seg heime i og festa identiteten sin til gradvis forsvinn. Difor flyttar dei! Og det *Telemark* som reiselivet skal leva av, er også i landskapet! Tidlegare undersøkingar gjennomførte av Telemarksforsking-Bø syner dette klart: Telemark sin attraksjon ligg i eit småbruksprega bygdelandskap med sterke tradisjonar og estetisk særpreg.

Landskap er fellesgode og infrastruktur

Landskap kan aldri vera ein abstrakt og objektiv storleik. Landskap er nært. Det er viktig for meg. Livsviktig! Her bur og trivst eg. Her tenkjer og skaper eg. Fram til i dag har me ikkje vore i stand til å prissetja denne ”altomfemnande” infrastrukturelle dimensjonen ved landskapet. I praktisk politikk har landskapet vorte privatisert, og eg og du har vore utestengde. I den grad landskapsutforming har vore økonomiske tema i det heile, er det den einskilde grunneigar som har henta midlar til *sitt* landskap, og då utan å måtta ta særleg omsyn til kollektive prioriteringar.

Men då har ein sjølv sagt heller ingen garanti for at me talar om eit fellesgode! Eit landskap eg kjenner meg att i, er eit landskap eg sjølv får vera med og utvikla, delta i, engasjera meg i. Dette landskapet er ein vesentleg del av meg. Berre eit slikt landskap vil eg og vera viljug til å vera med og betala for over skattesetelen.

Landskap er rett og slett alt for viktig til å bli overlata til ”ekspertar” og/eller grunneigarar. Eit landskap er ein kollektiv verdi, og truleg enno meir i dag, i ei tid og ei verd der så mange tradisjonelle kulturelle grenser går i oppløysing. Det nære og trygge må attskapast. Me vert globaliserte, men samstundes har me trong for ein sterk lokal identitet for å kunna røra oss i dette globale rommet. Me vert både meir globale og lokale samstundes, og det lokale tilfanget finn me i landskapet. Eit kulturelt landskap er difor eit landskap me kjenner oss att i, som appellerer til oss her me står med vår kultur og våre mål her og no.

Mot eit nytt støttesystem for landbruket

For landbruket må ein slik modell tyda at heile støttesystemet vert snudd på hovudet. Det produksjonsfremjande systemet har medført at eg som borgar betalar over skattesetelen for at bonden skal produsera mjølk på kua si. Denne mjølka har han eller ho etterpå seld for eiga fortjeneste. Slik betalar kollektivet for produksjon av ei privat gode. Men er dette ein særleg bærekraftig modell i ei tid der importen av landbruksvarer aukar, der sentralisering av produksjonseiningar skjer med ekspressfart, og der foredlingsapparatet er sanert bort frå bygdene? Problemet i dag er at pengane eg betalar i stor grad følgjer mjølkeproduksjonen, og mjølkeprodusentar er det knappast att i den regionen der eg bur. Og heller ikkje indirekte arbeidsplassar som *følge* av mjølkeproduksjon. Slik forsvinn mine pengar ut av min region, pengar som kunne vore nytta til å utvikla landbruk spesielt eigna til å utvikla dei ressursar me er rike på her!

For å unngå dette, må støttesystemet leggjast om slik at kollektivet betalar for kollektive gode – til dømes det kulturelle landskapet som me alle treng for å kunna leva, utvikla oss og trivast på staden vår – medan private betalar for private gode. I vårt tilfelle vil bøndene få betalt for å vera med og produsera, vidareutvikla og framheva *Telemark* og det spesielle kulturelle landskapet her. Materieell vareproduksjon til privat fortjeneste utover dette

må betalast for av marknaden. Eit levande landskap eg kjenner meg att i er viktig for meg, kor mange liter mjølk bonden produserer på kua si og kva han/ho gjer med denne mjølka interesserer meg i røynda ikkje!

Truleg finst det ingen annan veg om me verkeleg ynskjer å ta vare på og vidareutvikla eit levande og regionalt landskap. Truleg finst det heller ingen annan måte å føra vidare eit landbruk i ein produksjonsmessig marginal sone som vår. Telemark kan aldri tevla med Jæren om volumproduksjon, men sanneleg har me mykje kultur og identitet i landskapet vårt som dei ikkje har. Skal me gjera det me kan og er gode på, eller skal me halda fram med å tapa i eit spel me ikkje meistrar, og på ein bane me ikkje kjenner?